



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Vurdering av innspel til kommunen frå Møsstrond bygdelag

Vedlegg

- 1 Innspill fra Møsstrond Bygdelag til Norsk Hydro - Pumpekraftverk nov. 2025 N
- 2 20251008_Rjukan pumpekraftverk_Folkemøte Møsvatn

Dokument i saka

Kommunestyresak 76/2025.

Bakgrunn

Kommunestyret gav i septembermøtet, sak 76/2025, klarsignal til oppstart av arbeidet med dei varsla planane om pumpekraftverk i Tinn. To representantar frå grunneigarlaget, Halvor Lien og Jan Henning L'Abée-Lund, tiltrådde kommunedirektørens arbeidsgruppe for å sikre lokal representasjon og god kontakt med Møsstrondssamfunnet.

Møsstrond bygdelag sendte i midten av desember eit likelydande innspel til Norsk Hydro og kommunen om utbyggingsplanane. Innspelet er vedlagd saka. Tema som blir tatt opp er utanfor ramma for kommunestyresaka, og notatet blir difor lagt fram for politisk behandling.

Vurdering

Bygdelaget tek opp den uvissa for notid og framtid som initiativet frå Norsk Hydro har medført. Det er lett å forstå uroa. Kommunen V/arbeidsgruppa har etterspurt innsyn under vegs i konsekvensutgreiingsprosessen, utan å bli høyrte.

Utgreiingsprogrammet er omfattande (sjå vedlagde presentasjon s 11-13), men er ikkje tydeleg på transporelementet som er sentralt for Møsvatn.

Vassdragsreguleringslova § 13 heimlar dekning for utgifter til nødvendig bistand, men for revisjonssaker gjeld rett til dekning frå det tidspunktet revisjon blir vedtatt opna, men der er ein ikkje enno i prosessen. Vinje kommune søkte i slutten av oktober Norsk Hydro om dekning

av nødvendige utgifter til sakkunnig bistand, mottok negativt svar i byrjinga av desember, og gjentok førespurnaden med meir grunngjeving oppunder jul. Der argumenterte kommunen for at Møsvassreguleringa har ein ekstra dimensjon som går utanpå dei aller fleste tilsvarande prosessar i Noreg. At me har lokale utgreiingsbehov som m.a. skal ivareta vatnet som transportåre og leve-/livsvilkår for lokalbefolkninga, noko som langt på veg set oss i ei særstilling knytt til eigne undersøkingar utover eit generisk utgreiingsprogram. Norsk Hydro har fått informasjon om at kommunen særskilt ønskjer å sjå på:

- Levekår og Møsvatn som transportåre
- Modellering av vasstandsendringar og istilhøve i Møsvatn under ulike køyrestrategiar og vasstandar sommar som vinter
- Frostrøyk ved Møsvassdammen
- Vasskvalitet
- Erosjonsproblematikk og konsekvensar ved ulike vasstander. Lett-eroderande masser, dagpumping medfører meir erosjon
- Overføring av framande arter/populasjonar (abbor, røye)

Dette brevet er i skrivande stund ikkje svara ut. Elles har kommunen no i januar inngått avtale med Hydroinformatikk AS om utgreiing av hydrologiske tema.

Det er kommunedirektørens inntrykk at det har vore jobba samstemt og godt blant ressursane i arbeidsgruppa. Hovudfokus er absolutt Møsstronds beste. Kommunen legg fortløpande ut informasjon på ein eigen stad på [heimesida](#). I tillegg blir det sendt informasjon til oppsitjarane via bygdelaget og grunneigarlaget. Det blir òg lagt opp til eit nytt folkemøte på Møsstrand i løpet av vinteren.

Ein del av krava frå bygdelaget er allereie stilt til regulanten. Kommunen er jo ikkje initiativtakar i ei slik sak, og ein eigen konsesjonsprosess innad i kommunen er det ikkje grunnlag for. Fleire momenta bygdelaget spelar inn, vil først kunne fremjast når konsesjonsbehandlinga er opna. Når konsesjonssøknaden er levert, kan ein ta opp tema og vilkår kring ei eventuell realisering av Norsk Hydro sine planar. Ein kan ikkje tilrå å stille konkrete krav så tidleg i prosessen, når ein har eit så tynt grunnlag å basere desse på. Krav i noverande fase som kan signalisere aksept av Hydro sine planar, vil kommunedirektøren rå i frå. Fokus i denne fasa må vere å konsekvensutgreie og innhente fakta. For kommunen kan ein ikkje forskottere ulempene ved ei eventuell utbygging, men må fremje krav på eit sakleg og informert grunnlag.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune tek med seg innspela frå Møsstrand bygdelag i det vidare arbeidet.